



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	26.04.2010	041/10	ELNGUN

Offentleg:

Dispensasjon frå gjeldande kommuneplan - helikopterlandingsplass i Simadal

Dokument i saka:

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1	I 21.01.2010	Statkraft Energi AS	Søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan
3	U 23.02.2010	Marita Nestås; Marianne Sæ Kristiansen; Brita Sæ; Sigfrid Gatevold; Alvhild Maria Gustafson; Bjørg Wiik; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland Fylkeskommune; Fiskeridirektoratet; Kystverket	Varsel om søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan vedk. helikopterlandingsplass
4	I 08.03.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale vedk. etablering av permanent helikopterlandingsplass - Disp. søkjar: Statkraft
5	I 09.03.2010	Fiskeridirektoratet	Uttale vedk. søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan - helikopterlandingsplass i Simadal
6	I 11.03.2010	Kystverket	Uttale vedk. søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan - helikopterlandingsplass i Simadal
7	I 31.03.2010	Alvhild Gustavson	Uttale vedk. helikopterlandingsplass i Simadalen

Vedlagt:

Dok.nr. 4, 5, 6 og 7

Særutskrift skal sendast til: Høyringspartar, Statkraft

Endeleg avgjerd i: Planutvalet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2, får Statkraft dispensasjon frå gjeldande kommuneplan til bruk av helikopterlandingsplassen i samband med drift av kraftstasjonen og tilhøyrande installasjonar.

26.04.2010 Eidfjord formannskap

Handsaming:**Røysting:**

Samrøystes som framlegg frå rådmannen.

FSK-041/10 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2, får Statkraft dispensasjon frå gjeldande kommuneplan til bruk av helikopterlandingsplassen i samband med drift av kraftstasjonen og tilhøyrande installasjonar.

Saka gjeld:

Statkraft søker om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for helikopterlandingsplass på kaien i Simadal, Eidfjord kommune. Området er i gjeldande kommuneplan regulert til byggeområde, offentlege bygg. Statkraft har opparbeida landingsplass som har vore brukt i samband med drifta av kraftverket og linjenettet. Eidfjord kommune har sendt søknaden på høyring til naboar og offentlege instansar. Høyringsfristen var 1. april.

Statkraft søker Luftfartstilsynet om konsesjon for landingsplassen, det er eit krav for å få konsesjon at landingsplassen må visa i gjeldande plan.

Statkraft grunngjev søknaden med at det er krav om at planføremålet må visa i gjeldande plan. Det vert og peikt på at det i framlegg til plan er vist landingsplass på omsøkte område.

Vurdering:

Administrasjon har arbeidd for å etablera ein permanent helikopterlandingsplass i kommunen og har meint at Statkraft sin landingsplass høver til føremålet. I forslag til revidert kommuneplan som no er lagt ut til offentlig ettersyn, er forslaget om helikopterlandingsplass teke inn (utsnitt av planforslaget er vedlagt, plankartet viser plassering og støysoner).

Til høyringsfristen er det kome inn 4 uttaler;

Alvhild Gustafson, Kjeåsen, er imot helikopterlandingsplass da ho meiner helikopterbruk vil vera negativt med støy for Kjeåsen.

Kommentar: Støysonekartet som er utarbeida viser at Kjeåsen kjem utanfor støysonene som skal visa i plan. Generelle reglar for luftfart har reglar om flyhøgde og lågtflyging, men serlege vilkår kan ikkje kommunen ta inn i ein dispensasjon.

Kystverket har ingen spesielle merknader. Rådmann som hamnesjef har ingen merknader.

Fiskeridirektoratet har ingen merknader.

Fylkesmannen i Hordaland meiner det kan gjevast dispensasjon for Statkraft si eiga verksemd, men meiner at ma turistflyging bør avklarast i kommuneplan.

Kommentar: Utkast til kommuneplan er sendt på høyring. Det er gjort ei avklaring i forhold til konsekvensar i planforslaget. Meiner det difor ikkje er grunn til å setja vilkår til kva type flyging som skal vera tillete utover dei råmer forskrift for landingsplassar set. Samstundes er Statkraft si søknad avgrensa til si verksemd. Det er denne konkrete saka kommunen skal ta stilling til.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for kommunen.

Juridiske konsekvensar:

Ingen for kommunen så langt ein ser saka.

Miljømessige konsekvensar:

Sintef har utarbeida støyrapport på oppdrag frå Statkraft, under følgjer utdrag frå definisjonar:

Støykilde	Støysone			
	Gul sone		Rød sone	
	Utendørs støynivå	Utendørs støynivå i nattperioden kl. 23 – 07	Utendørs støynivå	Utendørs støynivå i nattperioden kl. 23 – 07
Flyplass	52 Lden	80 L5AS	62 Lden	90 L5AS

Lden er det mål som EU har innført som en felles måleenhet for ekvivalentnivå. Måleenheten legger forskjellig vekt på en støyhendelse i forhold til når på døgnet hendelsene forekommer. På natt er vekt faktoren 10, på dag er den 1. Maksimumsnivået L5AS er definert som det lydnivå ”som overskrides av 5 % av hendelsene i løpet av en nærmere angitt periode, dvs et statistisk maksimalnivå i forhold til antall hendelser”. Denne enheten kommer bare til anvendelse for hendelser som forekommer på natt mellom 23 og 07, og var ment å skulle erstatte MFN på natt.

Personalmessige konsekvensar:

Ingen for kommunen.

Stig Stark-Johansen
rådmann

sakshandsamar

